

Referat frå årsmøtet til Hovdebygda søge- og velferdslag

18. mars 2015

Møtestad: Sanitetshuset. Møtestart kl 19.00.

Under årsmøtet var 17 til stades.

1. Val av ordstyrar og referent:

Ordstyrar: Grete Ringset.

Referent: Roar Rønning.

2. Årsmeldinga for 2014:

Roar Rønning la fram årsmeldinga som var utsend til alle husstandane i Hovdebygda på førehand.

Anders Håskjold hadde framlegg om at ordet sti bør skiftast ut med rås (og ræser).

Årsmeldinga vart samrøystes godkjen utan merknader.

3. Rekneskapen 2014:

Roe Yksnøy la fram rekneskapen. Rekneskapen for 2014 synte underskot, men laget har likevel ein god økonomi. Dei største inntektene var knytte til boksal, tilskot til turstiane og medlemspengar.

Dei største kostnadene var også knytte til arbeidet i Elvadalen, til bokutgjevinga, og til heimesida.

Oddmund Hovden etterlyste balansetala, og desse la kasseraren fram munnleg.

Rekneskapen vart så samrøystes godkjent.

4. Val:

Leiaren i valnemnda, Hallvard Hovde, la fram kandidatane til dei ulike tillitsverva, og han leidde også valet.

Alle vala vart gjorde med handklapp.

Leiar: Grete Ringset, attval for eit år.

Nestleiar: Gudny Fagerhol, ikkje på val.

Skrivar: Roar Rønning, attval for to år (2015-2017).

Kasserar: Roe Yksnøy, attval for to år (2015-2017).

Styremedlem: Albert Steinnes, ikkje på val.

1.vara: Norunn Melheim, attval for eit år.

2. vara: Eilert Hovden, attval for eit år.

Alle vala nedanfor er for eit år:

Skriftstyre:

Roar Rønning, red.

Bottolf Lødemel.

Sveinung Walseth.

Oddmund Hovden.

Kulturminne og kvernhus:

Einar Flø.

Ragnhild Engeset.

Jostein Ringset.

Turstiar og kvernhus:

Jostein Ringset, leiar.

Ståle Brautaset,

Are Myklebust,

Kjetil Aasen,

Karl Bernt Hovden,

Terje Aam,

Jon Kårstad,

Narve Yksnøy,

Øystein Koppen,

Per Johan Sandbakk,

Einar Myklebust,

Stig Salvesson,

Per Fagerhol,

Børulf Lefdal,

Svein Engeset,

Sjur Hamar.

Fotosamling: Ann-Charlotte Sørheim.

Materialforvaltar/boklager: Oddmund Hovden.

Revisorar: Ottar Ringset og Sveinung Walseth.

Valnemnd: Hallvard Hovde, leiar, Sollaug Eiksund og Tor Aasen.

Heimesida: Albert Steinnes.

5. Ymse:

a) **Kulturminne og kvernhus:**

Einar Flø orienterte om arbeidet kring kvernhusa. Prosjektet har tre ulike tiltak; rydding, reiske vassføringane og reparere/byggje opp att to vassføringar, og utbetring av turstien i ei breidde inntil 1,2 meter. Det står no att å få ei god løysing for ei steme mellom elva og rennene til dei to fremste kvernhusa.

Prosjektet har til saman kosta 94 449 kroner. Dette er finansiert med 40 000 kroner frå Ørsta kommune (14 000 i kulturmidlar og 26 000 i SMIL-midlar), dugnadsinnsats verdsett til 16 050 kroner, og 38 399 i eigenkapital.

b) **Ordet fritt:**

- a) Hallvard Hovde etterlyste posisjonar (lengde- og breiddegrad) på skilta ved turstiane. Det vart opplyst at dette vil kome på dei nye skilta.

- b) Gudny Fagerhol hadde spørsmål om Rosenqvist-huset. Ho vil ta saka opp i styret for Brudavolltunet før saka kjem tilbake til Hovdebygda soge- og velferdslag.
- c) Grete Ringset opplyste at laget skal skipe til kverhusdag med graut i løpet av året. Det er elles vedteke at soge- og velferdslaget vil støtte juletreffesten på ungdomshuset ved å betale husleiga.

6. Fotoforedrag om Usbekistan ved Bottolf Lødemel:

Heile årsmøtet fekk så vere med på eit fint fotoforedrag om Usbekistan ved Bottolf Lødemel. Her fekk alle mykje ny kunnskap om arkitektur, og folk og levemåte, t.d. både mat- og klesskikkar.

18. mars 2015,

Roar Rønning,
ref.